



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset
6404 MOLDE

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2013/882	5396/2015	20130002	PUA/ SRK	03.06.2015

REGULERINGSPLAN - DETALJREGULERING BYGGJEFELT RØYSET II - OVERSENDING AV KLAGE

I møte 05.02.2015, sak PS KST 6/15, handsama Hareid kommunestyre ovannemde reguleringsplan og eigengodkjende planen i medhald av Plan og bygningslova § 12-12. Planvedtaket vart kunngjort i lokalavis og på kommunen si heimeside og aktuelle partar varsla med eige skriv.

Innan oppgjeven klagefrist på kommunestyret sitt vedtak, mottok kommunen følgjande klager:

- 1) Klage framsett av Knut Petter Tøssvik i e-post 6. mars 2015.
- 2) Klage datert 05.03.2015 framsett av Rune Røyset i e-post 6. mars 2015.

Hareid Formannskap handsama klagene i møte 11.05.2015, sak PS FSK 38/15, der det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

- 1. «Klagen frå Knut Petter Tøssvik på reguleringsplan – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II vedkomande regulert veg i området vert ikkje teken til følgje.**

Klagen vert sendt fylkesmannen til handsaming og avgjerd.

Grunngjeving: Den påklaga vegen(V2) er innplassert i planen i samsvar med regulert veg i gjeldande reguleringsplan for Røyset (PlanId.19800003), og reguleringsplanen for Røyset II inneber såleis ikkje noko arealmessig endring for klagaren sine eigedomar enn som tidlegare skulle vere kjent.

Kommunen finn ikkje å ta omsyn til omtala bygning då den er oppført i strid med gjeldande reguleringsplan og då ei omlegging av vegen V2 som påklaga vil medføre at noverande veg (tidlegare regulert) vil måtte flyttast. Kommunen ser ikkje at det ligg føre vesentlege ulemper for klagaren sine eigedomar slik ny veg er planlagt, og finn det heilt rimeleg at allereie bygd veg vert lagt til grunn for vidare utbygging. Kommunen legg då til grunn at mønefall må nyttast på vegen som no.

- 2. Klagen frå Rune Røyset på reguleringsplan – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II vedkomande Røysetvegen og tilstanden på denne, vert ikkje imøtekomen.**

Klagen vert sendt fylkesmannen for handsaming og avgjerd.

Grunngjeving: Klagen gjeld kommunevegen som passerer reguleringsområdet og som berre på ei kort avgrensa strekning inngår i planområdet. Kommunen som vegeigar har ansvar for å vedlikehalde vegen og sørge for at den held den standard som trengst for trafikken den er klassifisert for. Lokalisering av



bustadområdet er i samsvar med kommuneplanen. Vi vurderer at reguleringsplanen for bustadfelt Røyset II ikkje utløyser behov for ny klassifisering av kommunevegen med m.a. tanke på den anleggstrafikken som utbyggingsfasen av feltet vil medføre og trafikkmengda som følger av utbygginga.

Utskrift av formannskapet sitt vedtak saman med saksutgreiing og vedlegg følger vedlagt.

Klagene frå Knut Petter Røssvik og Rune Røyset vert med dette oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til handsaming og avgjerd.

Med helsing

Signe Rønnestad Kanstad
konsulent

Vedlegg:

- Klage framsett av Knut Petter Tøssvik i e-post 6. mars 2015.
- Klage datert 05.03.2015 framsett av Rune Røyset i e-post 6. mars 2015.
- Utskrift sak PS FSK 58/15 i møte 11.05.2015 - m/administrasjonen si saksutgreiing
- Kommunestyret sitt vedtak i møte 05.02.2015 sak PS KST 6/15 –slutthandsaming og eigengodkjenning av reguleringsplan – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II m/administrasjonen si saksutgreiing
- Godkjent reguleringsplan – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II (PlanId. 20130003) m/ tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale m/vedlegg

Kopi:

Knut Petter Tøssvik, Røysetvegen 190, 6060 Hareid
Rune Røyset, Røysetvegen 224, 6060 Hareid

- vedlagt utskrift sak PS FSK 58/15 i møte 11.05.2015 m/administrasjonen si saksutgreiing.



ORIENTERING OM KLAGE PÅ VEDTAKET

Klageorgan

Etter forvaltningslova § 28 kan avgjerda klagast inn til formannskapet, med mindre det er formannskapet som har fatta vedtaket. Då er det kommunestyret som er klageorganet. Ved vedtak etter særlover er det oftast fylkesmannen som er klageorgan.

Klageadressat

Klagen skal sendast til Hareid kommune, ved avsendar av dokumentet jf forvaltningslova §32.

Klagefrist

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt du har motteke vedtaket. Skjer melding ved offentlig kunngjering, startar klagefristen frå den dagen vedtaket første gong vart kunngjort jf forvaltningslova § 29.

Dersom klagen kjem for seint, kan Hareid kommune sjå vekk frå klagen. Ved særskilte høve kan klagen handsamast etter utlopet frist.

Dersom det har gått meir enn eitt år etter at vedtaket vart fatta, kan klagen ikkje takast opp att til handsaming som klagesak jf forvaltningslova §31.

Innhald i klagen:

Følgjande må presiserast i klagen jf forvaltningslova §32:

- vedtaket som det vert klaga over
- endringar som de ynskjer
- grunnar klagen støttar seg til
- ev. andre opplysningar som har betydning for vurdering av klagen

Klagen må underteiknast av den som klagar.

Utsetting av gjennomføring av vedtaket

Sjølv om de har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan likevel søke om å få utsett gjennomføring av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort jf forvaltningslova §42.

Søknad om utsetting av gjennomføring av vedtaket skal sendast til Hareid kommune.

Retten til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing

Etter forvaltningsloven § 18 og § 19 har du som part i saka, med visse uttak rett til å gjere deg kjent med dokumenta i saka. Dette gjeld og etter at eit vedtak er fatta jf forvaltningslova §21.

Avslag på krav om innsyn skal vere skrifleg, og ved avslag skal dette grunngjevast av kommunen.

Kostnader ved klagesaken

Du kan krevje dekning for vesentlege kostnader i samband med klagesaka jf forvaltningslova §36.

Postadresse: Rådhusplassen 5 6060 HAREID	Besøksadresse: Rådhusplassen 5 6060 Hareid	postmottak@hareid.kommune.no Telefon: 700 95 000	www.hareid.kommune.no Telefaks: 700 95 107	www.hareid.kommune.no Org. nr: 964979278	Bankgiro: 4093.07.00195
--	--	--	--	--	----------------------------